

Til Fitjar kommune

15. september 2017

**Budsjettinnspel Sunnhordland museum 2018**

Takk for gode samarbeidsmøte og -arrangement med kultursjef Bente Bjelland og Fitjar kommune. Fitjar kommune er både ein viktig samarbeidspartnar og tilskotsgivar for Sunnhordland museum.

Som regionens ansvarsmuseum tilbyr museet tenester for både kommunane og innbyggjarane i heile Sunnhordland. Me skal vera ein inkluderande formidlings- og møtestad, og eit museumsfagleg kompetansesenter. Med få medarbeidarar legg me til rette for mange arrangement og aktivitetar i regionen. Alltid i samarbeid med frivillige og lokale aktørar, lag og organisasjonar. Dette samarbeidet blir det arbeid med å styrka ytterlegare i eit eige prosjekt i 2017 og 2018. Ei anna prioritert satsing er å dokumentera og formidla den maritime industrihistoria og betydinga for samfunnsutviklinga i heile regionen.

Sunnhordland museum er hovudsakleg finansiert av eit offentleg spleiselag bestående av stat, fylkeskommune og sunnhordlandskommunane. I den siste museumsstatistikken frå Kulturrådet er landsgjennomsnittet i generelle kommunale tilskot til norske offentlege museum **kr 82 per innbygger**. I Hordaland er det høgt, **kr 170 per innbygger**. I Sunnhordland er gjennomsnittet dessverre svært lågt, berre **kr 2 per innbygger**.

Sunnhordland museum har starta ein prosess for å formalisera samarbeidet med alle sunnhordlandskommunane. I den første tida som ny direktør har eg møtt mykje velvilje for dette hos ordførarar og rådmenn i regionen. Hausten 2017 blir det òg sak i Samarbeidsrådet for Sunnhordland, og her skal forslag til samla opptrappingsplan for tilskot presenterast.

**Innspelet til tilskot frå Fitjar kommune 2018:**


Generelt tilskot til Sunnhordland museum:	kr	64 000
Øyremerkt tilskot til museumsrådgivar-tenesta:	kr	15 000
<b>Sum:</b>	<b>kr</b>	<b>79 000</b>

I dette innspelet har me lagt inn kr 20 per innbygger i generelt tilskot (basert på folketalet i kommunen 1. januar 2017). I landssamanheng ein liten sum, men det er ein god start. Det kan bidra til at det offentlege regionmuseet kan utviklast vidare i tråd med intensjon og forventingar både hos tilskotsgivarar og innbyggjarar.

Det øyremerkte tilskotet til museumsrådgivar er Fitjar sin del av kostnadane til den regionale tenesta vår for kommunane og dei frivillige. Finansieringa er fordelt på alle dei åtte kommunane og fylkeskommunen (samla kr 600 000), og tilskotet går ikkje til ordinære driftsoppgåver på regionmuseet.

Me stiller gjerne opp for å presentera regionmuseet og tilboda våre. Ta kontakt om de har spørsmål (926 30 119 / [ht@sunnhordland.museum.no](mailto:ht@sunnhordland.museum.no)).

Venleg helsing



Håvard Tvedte  
direktør, Sunnhordland museum